

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Marianne og Egil Øvretveit
Reikeråsvegen 268
5913 Eikangervåg

Bergen, 4. september 2015

Vintervedlikehald Lindås kommune– klage på tildeling av kontrakt

Viser til klage på tildeling av kontrakt i konkurransen om vintervedlikehald i Lindås kommune datert 01.09.2015. Klagen vert i det følgjande gjennomgått punktvis.

Pkt. 1: «Er det vanlig å gi inn pris på, og få tildelt fleire roder, og så måtte leige inn folk for å klare å utføre beredskapen. Når man ikke er et firma. Det er vel i hovedsak enkeltmannsforetak som søker?»

I konkurransen er det levert tilbud frå både enkeltmannsføretak og firma. Dersom ein skal levere på fleire roder må ein ved behov innhente ekstern kapasitet for å oppfylle kvalifikasjonskravet i konkurransen. Valte leverandør er registrert som enkeltpersonføretak, men har henta inn 3 eksterne brøyttarar og utstyr. Etter ei vurdering av Lindås kommune vart leverandøren vurdert å ha tilstrekkelig kapasitet til gjennomføring av oppdraget.

Pkt. 2: «Eg stiller også spørsmål ved at rode 13 ligger 3 mil unna anbudsvinner. Kvifor har ikkje Kjetil Kaldefoss gitt pris på dei rodane som ligg nærmast han? (dette er sjølv sagt eit retorisk spørsmål, men det understreker det eg meiner må være eit slags samarbeid)»

Leverandørane hadde i konkurransen anledning til å inngi tilbud på ei eller fleire roder. Det er etter innkjøpsregelverket ikkje lov å stille krav til geografisk tilknytning til omsøkte roder.

Pkt 3: «På rode 14 har det, til tidlegare brøyttar, blitt informert av Kjell Mogen, som hadde sin informasjon frå Nils Markus Bakke, om kva for ei ca pris Kjetil Kaldefoss skulle gje inn på denne rode. tidlegare brøyttar, Kjell Bjarne Wergeland, gav beskjed om at han ville halde på si utrekning. Wergeland vart da informert om at Mogen maskin kom til å legge inn anbod.

Er der høve for å samarbeide om kva for ein rode ein skal levere inn anbod på?»

Det kan vere anledning for fleire leverandørar å inngå samarbeid i ein konkurranse. Det vanlege er då at samarbeidande firma går inn som underleverandør til hovudleverandør. Dette er særleg aktuelt dersom ein kvar for seg ikkje har kapasitet til ei stor rode, men vil oppfylle kapasitetskravet samla.

Det er likevel ikkje lov å drive samarbeid om prising dersom dette har til formål å avgrense konkurransen jf. Konkurranseloven § 10. Etter ein gjennomgang av innkomne prisar er det ikkje mistanke om ulovleg prissamarbeid. Det kan her sjå ut til at konkurrenten har brukt prisinformasjon til å inngi eit lågare tilbud i konkurransen. I konkurransar er det viktig å halde alle prisar hemmelege slik at konkurrentar ikkje får innsyn i dei før tilbudsfristen.

Pkt 4: «Eg stiller og spørsmål ved at ein kan være i beredskap i Lindås brannvern, samtidig som ein har fått tildelt fleire roder det skal være i vinterberedskap på.»

Ved evaluering av tilbud kan vi berre vurdere den innleverte dokumentasjonen. Dersom kontrakten kan kome i konflikt med andre tilsettingsforhold leverandøren ikkje har opplyst om i sitt tilbud, vil dette være ein personalsak mellom leverandøren og hans arbeidsgjevar. Leverandøren er plikta til å levere tenesta i samsvar med krava i kontrakten.

Med helsing

Eirik Steine

Rådgjevar

Odin Prosjekt AS